

Saksframlegg

Sakshandsamar: Karina Nerland
Arkivsaknr: 12/3880

Arkiv: A40

Saksnr: 4/13
Utval: Sogn regionråd

Møtedato: 22.2.2013

Sak 4/13
Organisering av vidaregåande opplæring - framlegg til fråsegn

Tilråding:

Sogn regionråd sluttar seg til fråsegna om skulebruksplan for Sogn og Fjordane slik den ligg føre. Det kan vera aktuelt å gjera tilleggsvurderingar i samband med fylkesrådmannen si konsekvensutgreiing. Det vert sett av kr 40 000 av regionale utviklingsmidlar til vidare arbeid i høyringsfasen.

Vedlegg:

1. Framlegg til fråsegn om skulebruksplanen for Sogn og Fjordane
2. Konsekvensrapport skulebruksplan Årdal vidaregåande skule
3. Rapport - Modellar for organisering av vidaregåande opplæring

Saksutgreiing:

Organisering av vidaregåande skule er ein del av arbeidet med skulebruksplanen. Rapport frå Norconsult på oppdrag frå Sogn og Fjordane fylkeskommune har tilrådd alternative modellar for framtidig organisering av vidaregåande opplæring.

Sogn regionråd har i møtet 7. desember tinga ei fagleg utgreiing med regionalt perspektiv som får fram fakta og vurderingar som ivaretek og støttar opp om Sogn sine behov for vidaregåande opplæring. Rådet ba om at utgreiinga presenterer alternativ løysing til modellane vedteke i fylkesutvalet og som gir ungdommen i Sogn eit utdanningstilbod på lik linje med resten av fylket. Rådet ba om at utgreiinga ivaretek utvikling av vidaregåande skule i Årdal, Sogndal og Luster og at modell for Sogn vidaregåande skule med felles administrasjon bør inngå i utgreiinga.

Wiggo Hustad, Deloitte, er innleigd til å utarbeida fråsegna. Det har vore møte med

representantar frå kommunane og skulane, og i regionrådet 25. januar. Framlegg til fråsegn ligg no føre. Administrasjonen vurderer at framlegget får godt fram fakta og vurdering som ivaretek Sogn sine behov for vidaregåande opplæring, og tilrår at rådet sluttar seg til fråsegna.

Fylkesrådmannen legg fram konsekvensutgreiing 22. februar. Det kan derfor vera aktuelt å gjera tilleggsvurderingar. Planutvalet har vedteke at modellane skal konsekvensutgreiast innan 27. februar. Deretter legg fylkesutvalet opp til ein høyringsrunde, som skal avsluttast i slutten av april. Saka skal slutthandsamast politisk i mai og juni 2013.

Rådet bør setja av regionale utviklingsmidlar til ev. tilleggsvurderingar og vidare arbeid i høyringsfasen.

Vedlagt følgjer til orientering rapport frå Årdal utvikling om konsekvensar for Årdal vidaregåande skule i tillegg til rapporten frå Norconsult om modellane for organisering av vidaregåande opplæring.